Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Austrheim

Emne: Brynet Bygdelag: Austrheim

Oppskr. av: Lavor Solheim Gard:

(adresse): Synnevåg G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Bryne og hein er ikkje det same
Brynet brukar ein til sigd og ljå og
knivegg og økseegg. Hein til høvelstonner og reidskap som skulle ha ein sers
fin egg. d.s. barberknivar, då smyrde
ein olje på heinen.

2

I gamal tid hadde ein berre naturstein til bryne. I dei siste tiderne åra
brukar ein mest kunststein. Brynestein vart for det meste henta frå Trøndelag i gamal tid seier gamle folk, men
har ikkje fått greie på kva for bygder i
Trøndelag.

3 Alle grove reidskaper var først slipt
på slipestein og deretter med bryne.

4 Mor mi fru Karen Solheim har fortalt meg, ho er no 88 år at då ho var
liten laut småborna til ljåsmeden
med ljåane og der vart dei tynte ut.
Ljåen vart lagd på ein ambolt og
uttynt. Om det var serskildt namn
på amboltet hugsar ho ikkje.

280

6. Korlenge ein brukte Ljåen før ein gjekk på slegestuenen med han var så ymse. Var dogga god og graset mjukt kunne ein klara seg med Ljåden ei ykt. d.l. frå tidleg om morgonen til ein gjekk inn til frukost.
7 Av naturbryner hadde ein to slags fint og grovt. Fyrs brukte ein det grove, fyrst og til sist det fine.
8

Ljåen er på orvet med ein sleper, egga har ein mot seg
9 Når ein bryner stuttorven set ein orvet mellom føtene. Det same gjer ein også med langorvet, berre ein sett enden av orvet ned i marka
10 Dei gamle kalte brynehuset for slonk og var av ler, og likna ei slire. Det var på ei reim som ein hadde om livet og der nedi var bryna.
13 Både naturbryne og kunstbryne vart duppa i vatn. Andre måtar er ukjende her.

NORSK ETHOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
280